

D O A
D G

Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

Konkurransesgrunnlag - Open anbuds konkurranse for gjennomføring av ein behovsdriven innovasjonsprosess i Sogndal, Luster og Aurland kommune på utfordringen:

Korleis utforske framtidens reiseliv og legge til rette for ei berekraftig bygdeturisme som tek vare på lokale kvalitetar?



Foto:

Linn Janette Underdal Skarsbø

1 Om Gnist-programmet

Gnist er eit behovsdrive innovasjonsprogram initiert av DOGA og Nordic Edge. Programmet gir kommunar kompetanse, metodar og verktøy til å jobbe på nye måtar med stads- og næringsutvikling, ta tak i konkrete utfordringar og snu dei til moglegheiter og nyskaping. Hovudmålgruppa er distriktskommunar.

Sogndal, Luster og Aurland kommune er 3 av 11 kommunar frå heile landet som er valde ut til å delta i årets runde av Gnist, basert på kriterium som engasjement, overføringsverdi og innovasjonspotensial, i tillegg til politisk og administrativ forankring av deltakinga.

Gnist-programmet skal komplettere, forsterke og realisere eksisterande initiativ og planar i kommunane, men også bidra til å setje i verk nye utviklingsprosjekt. Ein sentral del av Gnist-programmet er òg kunnskaps- og erfaringsutveksling innanfor innovativ stads- og næringsutvikling på tvers av kommunar og regionar.

Fylkeskommunane er sentrale støttespelarar, saman med Distriktssenteret, Husbanken, Nasjonalt program for leverandørutvikling (LUP), KS, Næringshagene i Norge, Innovasjon Norge og Riksantikvaren.

Den overordna målsetjinga med Gnist-programmet er å bidra til meir attraktive og inkluderande lokalsamfunn og dessutan auka verdiskaping og nye arbeidsplassar i heile Noreg.

2 Om anbodskonkurransen

2.1 Om anbodskonkurransen

Denne opne anbodskonkurransen blir arrangert av Sogndal, Luster og Aurland kommuner i samarbeid med Design og arkitektur Noreg (DOGA) og Nordic Edge. Formålet er å kople på relevant kompetanse for å gjennomføre ein behovsdriven innovasjonsprosess i tett samarbeid med kommunen, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar.

Gjennom innovasjonsprosessen skal den valde leverandøren kartleggje behov og moglegheiter og basert på denne innsikta utvikle nyskapande idear/konsept som kan bidra til å løyse ei viktig utfordring i kommunen.

Både små og store aktørar kan sende inn tilbod på korleis ein vil angripe utfordringa som er beskriven nedanfor, på ein måte som fremjar samhandling og nytenking, med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar.

Det er ønskjeleg med ein tverrfagleg tilnærming, og fleire aktørar kan samarbeide om å sende inn tilbod. Kompetanse innanfor design, arkitektur og/eller stadsutvikling er eit krav. I tillegg er det ønskjeleg med annan kompetanse som blir vurdert som relevant for å angripe utfordringa på best mogleg måte.



Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

Innovasjonsprosessen skal gjennomførast i løpet av perioden veke 19–39. I etterkant inviterer kommunen den valde leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.

2.2 Regelverk

Konkurransen gjennomførast i høve til lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) med tilhøyrande forskrift av 12. august 2016 nr. 974 (FOA), samt dei føresegner som går fram av dette konkurransegrunnlaget.

Konkurransen gjennomførast som open tilbodskonkurranse etter forskriftas del I.

Ved denne prosedyreforma kan tilbydarane som vil levere tilbod.

Oppdragsgivar planleggjar å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å føreta eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandlingar kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottekne, vurderer det som føremålstenleg. Viss oppdragsgivar vel å forhandle, vil ein velge ut etter ei vurdering av tildelingskriteriane som er oppgitt i punkt 2/punkt 1.4.1, med den vektinga som er gitt der. Det presiserast likevel at ingen leverandørar kan forvente dialog om sitt tilbod og derfor må levere sitt beste tilbod innanfor tilbodsfristen.

2.3 Kontrakt

SSA-O vil bli nytta for denne anskaffinga.

3 Om utfordringa

3.1 Utfordringsbeskrivelse

Bygdene Solvorn (Luster), Fjærland (Sogndal) og Undredal (Aurland) er fjordbygder med veldig like utfordringar knytt til ein låst infrastruktur og høgt besøkstrykk om sommaren, noko som har ein negativ påverknad både på innbyggjarar og besøkande. Gjennom Gnist-programmet er kommunane ute etter nyskapande idear og konsept for korleis me kan auke den lokale verdiskapinga samstundes som me tek vare på det lokale særpreget og det gode bygdesamfunnet.



Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

3.2 Målsetjingar

Hovedmål

Bygdeturismen skal vere ei kjelde til berekraftig verdiskaping basert på natur- og kulturverdiar, og skape positive synergjar til lokal næring, innbyggjarar og stadens særegne kvalitetar.

Delmål

Besøksstraumane i bygdene blir handtert på ein innbyggjarvenleg og berekraftig måte:

Å utvikle nye måtar for å styre trafikk og besøkande, samstundes som innbyggjarane, landbruket og kultur- og naturverdiar blir ivaretatt. Styrke naturens eigenverdi og ikkje bygge ned natur- og kulturlandskap.

Utforske framtidens reiseliv:

Vurdere ny teknologi og digitale løysingar for mobilitet og opplevingar for å minimere det fysiske fotavtrykket og bidra til sporlaus ferdsel.

Bygdene styrkar sine særegne kvalitetar som autentiske og triveleg stader å bu og besøke:

Løysinga skal gi inkluderande uterom, varierte funksjonar og gode møteplassar til alle årstider. Innbyggjarane skal kjenne på lokal stoltheit og auka stadkjensle. Det blir viktig å utvikle potensiale for nye funksjonar/attraksjonar som gir grunnlag for ny næring og bu-lyst.

Bygdene styrkar sitt grunnlag for næringsutvikling:

Løysinga skal gjere det mogleg å finne nye samarbeidsmodellar og nye måtar å drive næring i bygdene på. Samstundes er det viktig å styrke omdømmet og rolla til primærnæringa og gjere den attraktiv for framtidige generasjonar. Det er eit mål å gå frå sesongturisme mot heilårsturisme basert på stadkvalitetar som bygdene har.

Bygdene tek eigarskap til løysinga og styring over eiga utvikling, og det blir nye samarbeidsmodellar:

Samskaping mellom innbyggjarane, bygdene, kommunane og fylkeskommunen kan skape samarbeid, lokalt forankra satsingar og auka bygdestoltheit. Ei løysing som fleire kommunar/bygder kan nytte seg av vil skape nye samarbeidsmodellar både internt i kommunane, men også på tvers av kommunegrensene i Sogn. Me håpar løysinga kan bidra til at bygdene ikkje må vente på kommunane og fylkeskommunen for å drive stad- og næringsutviklinga. Både fordi kommunane og fylkeskommunen er med frå prosjektstart og fordi bygdene ser auka lokal verdiskaping og trivsel med løysinga.

Målgrupper

Målgrupper	Kva ynskjer me å oppnå?
Lokalt næringsliv <ul style="list-style-type: none">- Landbruk- Reiselivet- Varehandel- Servicenæring- Nye næringar- Næringar regionalt, på tvers av kommunegrensene	Leggje til rette for framvekst av ny næring, og vidareutvikling av eksisterande næring. Sette primærnæring på dagsorden som attraktiv for kommande generasjonar. Bidra til samskaping/felles plattform mellom ulike næringar, som turisme og landbruk, som tidlegare kanskje ikkje har sett moglege treffpunkt/samarbeid. Samarbeid for eit felles Sogn - på tvers av kommunegrensene.
Innbyggjarar	Innbyggjarane må oppleve at dei bur i eit attraktivt lokalsamfunn. Dei skal ha auka stadkjensle, bu- og bli-

	lyst. Innbyggerane får eigarskap til løysinga og er stolte over bygda si. Dei ser på besøkande som noko positivt, og ikkje ein negativ faktor.
Besøkande og framtidig besøkande	Besøkande får betre oppleving av å besøke bygdene. Dei finner lett informasjon og det er enkelt å orientere seg. Dei ser moglegheitene for å reise på ein miljøvennleg måte med minimale fotavtrykk i bygdene. Det blir enklare for besøkande å bli lengre i bygdene, feriere innanfor Sogne-regionen og legge igjen pengar lokalt. Bygdene utforskar og legg til rette for framtidens besøkande.
Natur- og kulturverdiar	Ivareta sårbare natur- og kulturverdiar.
Moglege tilflyttarar	Nå potensielle tilflyttarar med informasjon om moglegheit for busetting og bygdene som trivelege stader med høg bygdestoltheit.
Mjuke trafikantar	Det blir tryggare å bevege seg langs vegen og betre oppleving for både lokale og besøkande fotgjengarar.

3.3 Om prosjektet

Luster, Aurland og Sogndal kommune har ei felles utfordring i bygdene Solvorn, Undredal og Fjærland. Innfartsveggar og sentrumsfunksjonar i bygdene er ikkje dimensjonert for besøksmassane som er no og som vil auke i framtida. Bygdene ligg i enden av korte vegstubbar som er lågt prioritert av fylkeskommunen og som er topografisk utfordrande å forbetre. Sentruma er små og pittoreske, med verneverdige trehus, tronge gater, lite parkeringskapasitet og små moglegheiter for tilpassing. Besøkstrykket, særleg om sommaren, påverkar tryggleik og trivsel i bygdene, og skapar problem for viktig landbruksdrift og anna næring. Samstundes treng bygdene auka lokal verdiskaping og tilflytting. Med eit Gnist-prosjekt ynskjer me å få hjelp til å utnytte den avgrensande faktoren som infrastruktur er, til eit fortrinn for framtidig bu-lyst, næringsliv og besøkande.

4 Leveransar og kriterium

4.1 Leveransar

- Skriftleg oppdragsforståing inkludert
 - metode og tilnærming for å angripe utfordringa
 - beskriving av teamet, inkludert grunngeving for kompetansesamansetjing
 - førebelse vurderingar av sluttleveranse (idear/konsept)



Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

(Sluttleveransen er open, men det er likevel relevant å få nokre overordna tankar knytte til ambisjonsnivå og moglege forventningar til endeleg resultat – gjerne også forslag til aktivitetar som vil kunne fremje vidare utvikling/realisering av utarbeidde idear/konsept.)

- Vedlegg: CV og relevante referanseprosjekt

Total leveranse: maks 3.000 ord + bilde/skisser/illustrasjonar og vedlegg som beskrive

Leveringsfrist: 11.04.2022 kl. 23.59 CET

Tilbod leveras til Utvikler for Samfunn og Næring - Ingrid Annette Kristiansen i Sogndal kommune.

Leveranseadresse: ingrid.annette.kristiansen@sogndal.kommune.no


(Merk emnefeltet med «Gnist 2022».)

4.2 Vurderingskriterium

- **Tilnærming til utfordring.** Leverandøren må vise god forståing for oppgåva, og beskrive korleis ein vil angripe utfordringa (prosess og metode), for å utforske og utvikle nyskapande idear/konsept basert på moglegheiter og behov. (30 %)
- **Samansetjing av kompetanse.** Det er ønskjeleg med ein tverrfagleg tilnærming, og fleire aktørar kan samarbeide om å sende inn tilbod. Kompetanse innanfor design, arkitektur og/eller stadsutvikling er eit krav, i tillegg til annan eventuell kompetanse som blir vurdert som relevant for å løyse utfordringa på best mogleg måte. (30 %)
- **Gjennomføring og framdriftsplan.** Tilbodet skal vere ambisiøst, men likevel realistisk med omsyn til tidsplan, framdrift og finansiering. (20 %)
- **Lokal verdiskaping.** Tilbodet skal demonstrere korleis ein vil fremje utviklinga av eit meir attraktivt og mangfaldig lokalsamfunn, og bidra til innovativ nærings- og stadsutvikling med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar. (20 %)

I tillegg er det ønskjeleg at ein i tilbodet

- Beskriv korleis ein gjennom innovasjonsprosessen fremjar samhandling mellom leverandør og kommune, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar
- Reflekterer rundt potensialet for innovasjon og nytenking, og korleis innovasjonsprosessen vil kunne vidareførast lokalt
- Illustrerer korleis innovasjonsprosessen vil kunne bidra til å oppnå utvalde av FN's berekraftsmål
- Tar omsyn til den førehandsdefinerte tidsplanen for Gnist-programmet, og legg til rette for at planlagde fellessamlingar i juni og september med alle Gnist-kommunane kan gi innspel til innovasjonsprosessen (sjå nedanfor)



4.3 Prosess og framdrift

Blant dei innsende tilboda vel kommunen, i samråd med DOGA, Nordic Edge, Distriktsenteret og fylkeskommunen, ut ein leverandør som får tildelt oppdraget basert på førehandsbestemte vurderingskriterium.

Leverandøren blir invitert til å delta i eit digitalt ein-til-ein-møte i forkant av oppstarten på innovasjonsprosessen.

Innovasjonsprosessen skal gjennomførast i perioden veke 19–39, og i tett samarbeid med kommunen. Kommunen bidrar med å engasjere innbyggjarar, lokalt næringsliv, kompetansmiljø, fylkeskommunen og andre relevante aktørar i prosessen.

Veke 17–18: val av leverandør og ein-til-ein-møte

Veke 19–39: gjennomføring av innovasjonsprosess

Veke 40–41: sluttleveranse

Digitalt informasjonsmøte for interesserte aktørar

Tid: 23.03.2022 kl. 10.00–12.00

Stad: digitalt møte i Zoom

I samarbeid med DOGA og Nordic Edge inviterer Sogndal, Luster og Aurland kommune til eit ope og digitalt informasjonsmøte for alle potensielle leverandørar som vil bli betre kjende med kommunen og utfordringa til kommunen.

Påmelding til informasjonsmøte: <https://doga.no/kalender/kan-du-lose-gnist-kommunenes-utfordringer/>

4.4 Honorar og rettar

Leverandøren som får tildelt oppdraget, får eit honorar på kr 300 000 inkl. mva. Midlane skal nyttast til gjennomføring av ein designdriven innovasjonsprosess i samarbeid med kommunen, innbyggjarar, lokalt næringsliv og andre relevante aktørar for å utforske moglegheiter og behov og utvikle nyskapande idear/konsept med utgangspunkt i lokale fortrinn og ressursar.

Av desse midlane er kr 200 000 finansierte av kommunen og fylkeskommunen og kr 100 000 av DOGA. Halve beløpet blir utbetalt før oppstart i uke 19, og resterende beløp etter sluttlevering i uke 41.

Valgt leverandør kan også søkje om reisestøtte frå DOGA på opptil kr 20 000 til fysisk gjennomføring av lokale aktivitetar i innovasjonsprosessen.

Etter gjennomført innovasjonsprosess inviterer kommunen leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.

Leverandøren får i tillegg høve til å

- utforske nye samarbeidsmodellar, partnerskap og marknader
- arbeide med komplekse problemstillingar som krev tverrfaglege løysingar
- inngå dialog med kommunen i ein tidleg fase
- gå i front for innovativ stads- og næringsutvikling
- vere synleg og få omtale nasjonalt og internasjonalt

Valgt leverandør aksepterer at arrangørane kan bruke innlevert materiale, inkludert også i digitalt format, til intern og ekstern kommunikasjon om Gnist-programmet; både før, under og etter gjennomfør innovasjonsprosess.

5 Om kommunane

5.1 Generelt

Luster kommune har rundt 5200 innbyggjarar fordelt på to tettstader og mange små bygder og grender i dalføra langs Sognefjorden. Luster er nasjonalparkkommune med innfallsportar til både Jostedalen, Breheimen og Jotunheimen. Kommunen har også ei svært rik kulturhistorie frå fleire tidsepokar som synast igjen i landskapet. Verdsarven Urnes stavkyrkje er sjølv kronjuvelen i det kulturhistoriske landskapet, og den vesle pittoreske bygda Solvorn er ein naturleg innfallsport til området. Kombinasjonen av langvegs besøkjande turistar og meir kortreiste lokale badegjestar byr på store trafikale utfordringar i Solvorn om sumaren. Det er stort ynskje om å finne nye løysningar som tek i vare både innbyggjarar og besøkjande sine behov på same tid.



Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

Aurland kommune har om lag 1770 innbyggjarar fordelt på dei fem bygdene Aurlandsvangen, Vassbygdi, Flåm, Gudvangen og Undredal. Aurland kommune er ein reiselivskommune med mange nasjonalt og internasjonalt kjente attraksjonar som blant anna Flåmsbana, Aurlandsdalen, Undredal Stavkyrkje og prisvinnande brun og kvit geitost og andre nisjeprodukt. Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er i lag med Geirangerfjorden del av det UNESCO-lista Vestnorsk Fjordlandskap. Verdsarverdiane i Nærøyfjordområdet er kort samanfatta fjordlandskap med aktive geologiske prosessar, vakkert naturlandskap frå fjord til fjell med brear, skog, fossar og frittrennande elvar, og eit kulturlandskap som gir landskapet perspektiv. Bygda Undredal ligg midt i verdsarven og er ein av innfallsportane til området. Bygda har om lag 70 innbyggjarar og har eit landsbypreg, med gardar som ligg i sentrum og er ein viktig del av bygdebilete. Om sommaren er det høgt besøkspress frå reisande i både privatbilar og turistbussar på vegane som ikkje er dimensjonert for slik trafikk, i tillegg er vegane viktig for gardsdrifta i bygda.

Sogndal kommune vart etablert 01.01.2020 etter kommunereforma. Det er ca. 12.000 innbyggjarar i kommunen, i tillegg er me vertskommune for over 3.000 studentar gjennom studieåret. Sogndal er regionsenteret i Sogn. Kommunen har høg næringsvariasjon og har som mål å vere ein framtidretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar med fortrinn innan reiseliv, unike kompetansemiljø og innovasjon. Sogndal har etablert seg som eit viktig destinasjonsmål for aktivitetsbasert reiseliv. Fjærland er staden der Sognefjorden og Jostedalsbreen møtest. Her bur om lag 280 innbyggjarar. Fjærland er eit lokalsenter med sterke reiselivstradisjonar, og er innfallsport til Jostedalsbreen Nasjonalpark, med både Supphellebreen og Bøyabreen som attraksjonar. Turisme og landbruk er dei største næringane i bygda. Det er planar om etablering av fjordsenteret Marheim i sentrum, som løyser ut behov for betre trafikkstyring og ei tydeleg utvikling av Mundal som bygdesentrum. I dag er det kjende utfordringar knytt til parkering og tilrettelegging for mjuke trafikantar.

5.2 Ressursar

Dei tre kommunane har allokert ressurser internt til å fylgje opp prosessen frå start til mål.

Prosesen vil vere avhengig av å ha bygdelaga med frå starten av, då dei representerer innbyggjarane i bygdene. I tillegg er det viktig å ha med landbruksinteressene, reiselivsbedrifter og anna næringsliv i bygdene. Destinasjonsselskapet Visit Sognefjord omfattar alle dei tre bygdene og har god oversikt og innsikt i reiselivet i Sogn. I tillegg er kvar bygd direkte eller indirekte knytt til nokre sentrale institusjonar for natur- og kulturarv: Urnes verdsarvsenter (Solvorn), Bremuseet (Fjærland) og Nærøyfjorden Verdsarvpark (Undredal). Dette kan vere statleg forvaltning som til dømes verneområdeforvaltar, riksantikvar, naturforvaltarar og verdsarvkoordinatorar.

Når det gjelder stadspesifikke fortrinn ligg alle desse bygdene ved fjorden. I tillegg står reiselivsnæringa sterkt i bygdene med lokale tilbydarar og samspel med regionalt reiseliv. Landbruk er store næringar i alle tre bygdene og er ei kjelde for stadidentitet.

5.3 Premissar

- Leverandøren må besøke alle dei tre bygdene og ha minst eit møte med alle bygdelaga
- Lokalt næringsliv, inkludert primærnæringar, må bli inkludert i samskapingsprosessar
- Løysninga er overførbar til andre stader med liknande utfordringar, særleg i Sogn



Design
og arkitektur
Norge



NORDIC
EDGE

- I dag er det fylkeskommunale vegar i alle bygdene, som er lågt prioriterte og kommunane har begrensa påverknad
- Kommunane må forhalda seg til arealplanar og verneområdeplanar
- Leveranse må stå i samsvar til målsetningar i masterplan for reiselivet i Sogn og grøn region Vestland
- Ynskjer ei gjennomføringsplan for tiltaka vist i konkurransen

5.4 Annan relevant informasjon

Dei tre kommunane Sogndal, Luster og Aurland er deltakarar i Sogn Regionråd, som er eit interkommunalt samarbeidsorgan og ein felles arena for å sikre og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Regionrådet har engasjert Visit Sognefjord til å gjennomføre prosjektet "Sogn som berekraftig reisemål" og er i slutfasen av ein masterplan for reiselivssatsinga i Sogn. Intensjonen med planen er å forvalte og styrke reisemålet Sogn til det beste for lokalsamfunnet, miljøet og dei besøkande ved å utvikle eit berekraftig reisemål som skapar livsgrunnlag for framtidige generasjonar. I tillegg vert det jobba med ei profil- og merkevare for heile Sogn.

"Restarte regionalt samarbeid for realistisk heilårsturisme" er eit prosjekt gjennom Sogn Næring med verksemder inn i prosjektet frå Aurland kommune og Sogndal kommune. Prosjektet skal og vera motiverande for verksemdene for å dela erfaring, skapa nettverk på tvers, samt å komma i gang att med å testa ut nye produkt med gjestene. Vegval for vidare satsing, post Covid = Restarte regionalt samarbeid for realistisk heilårsturisme. For å lukkast med heilårsturisme treng ein eitt mangfald og ein må stå samla for å gjera reisemålet attraktivt. I prosjektbeskrivinga står det referert til hub'ar, med dette meinast tettstadar der bedrifter har jobba godt saman for å skapa gode produkt å tilby reiselivet heile året. Dette er eit prosjekt som bygdene Undredal, Fjærland og Solvorn kan dra nytte av, anten ved at dei har verksemder som er direkte knytt opp mot prosjektet (Fjærland) eller at ein har verksemder som indirekte er knytt opp mot prosjektet (Undredal). Fjordsafari AS er lokalisert i Flåm men har guida turar på fjorden med besøk i Undredal heile året.

Lokale planar for kvar kommune:

Solvorn:

- Forvaltningsplan for Solvorn med fagrapport
- Gjeldande arealplanar

Undredal:

- Stadanalyse- Undredal
- Reguleringsplan Undredal

Fjærland:

- Det blir for tiden arbeida med ei mogleighetsstudie for Fjærland (Asplan Viak)
- Samfunnsplan for Sogndal kommune ligg på utfordrarbygda.no
- Planar om etablering av fjordsenteret Marheim i sentrum av Fjærland
- Fjærland er ein del av eit internasjonalt bokby-prosjekt
- Hurtigruten planlegg å ha anløpskai i Fjærland om vinteren.

6 Sluttleveranse

Etter gjennomført innovasjonsprosess skal leverandøren levere eit notat som oppsummerer prosessen og resultatet på ein lettfatteleg måte, inkludert illustrasjonar, bilde, sitat eller tilsvarande.

Notatet skal leverast seinast i veke 41, med følgjande innhald:

- kortfatta beskriving av utfordringa som skulle løysast
- kortfatta beskriving av gjennomført prosess
- kortfatta beskriving av idear/konsept, og korleis desse forbetrar utfordringa
- kortfatta beskriving av neste moglege steg mot vidareutvikling/realisering av idear/konsept

7 Moglegheiter for vidare oppdrag

Kommunen har eit reelt ønske om å utvikle og implementere gode, nyskapande løysingar på utfordringa som er beskriven i konkurransegrunnlaget. Etter gjennomført innovasjonsprosess inviterer kommunen derfor den valde leverandøren til dialog med tanke på mogleg vidareutvikling og realisering av utarbeidde idear/konsept i samarbeid med relevante støttespelarar regionalt og nasjonalt.

Overføringsverdi til andre kommunar med liknande utfordringar er eit viktig aspekt i Gnist-programmet, og DOGA, Nordic Edge og andre støttespelarar vil bidra til å kommunisere resultat og erfaringar frå prosessen både nasjonalt og internasjonalt.

Kommunen held på retten til å ikkje gå vidare med realisering av idear/konsept.

8 Vedlegg

[Masterplan for reiselivssatsinga i Sogn](#)

[Profil- og merkevare for Sogn](#)

[Samfunnsplan for Sogndal kommune](#)

[Besøkstrategiar- Verneområdet Nærøyfjorden](#)

[Stadanalyse- Undredal](#)

[Reguleringsplan Undredal](#)

[Samfunnsplan Aurland kommune \(skal ferdigstillast i 2022\)](#)

[Forvaltningsplan for Solvorn](#) med tilhøyrande [fagrapport](#)

Trafikkanalyse Solvorn – kontakt oliver.bjordal@luster.kommune.no for å få denne tilsendt

[Reguleringsplan Solvorn](#) (link til kommunekart)